

NORDHORDLAND MATFESTIVAL

Søker din støtte som sponsor

Avisa Nordhordland, AMFI Knarvik og Næringshagen Klar Bedrift går saman om å etablere og arrangere Nordhordland Matfestival i AMFI Knarvik for aller fyrste gong 10.-11. mai 2024.

Festivalen byr på varierte smaksopplevingar med både Street-food-vogner og lokalmat med det beste frå vårt distrikt.

Målet er å skape ein folkefest som fremmer matkultur og lokalt reise- og kulturliv. Festivalen set fokus på lokal verdiskaping, og målet er at bedriftene som deltek skal oppnå vekst og utvikling gjennom auka verdiskaping i nærmarknaden.

Arrangementet er ope for alle og gratis for publikum. Det vil vere stands med sal både inne i senteret, og i eit dedikert festivalområde/telt med scene og sitjeplassar til opptil 400 personar i området framfor NAV-bygget.

Som ein del av festivalen markerer Avisa Nordhordland sitt 50-årsjubileum. AMFI Knarvik er regionsenter i Nordhordland og har dagleg rundt 10 000 besøkande. Med Nattope fredag 10. mai og festival fredag og laurdag er målet å overgå desse tala.

Vi ser fram til to festlege mai-dagar med yrande folkeliv!

Sponsor

Vi inviterer utvalde lokale bedrifter til å bli ein del av dette som sponsor av Nordhordland Matfestival. Dette er ein unik moglegheit til å styrke din rolle og synlegheit i regionen.

Vi ser etter fire hovudsponsorar, og ein plass på sponsorget kostar

Kr 25 000,-

Som sponsor for Nordhordland Matfestival tilbyr vi følgande:

- Logo på 8 stk heilsides avisannonsar for Nordhordland Matfestival i Avisa Nordhordland
- Logo og omtale i sosiale medium (Facebook)
- Moglegheit til å setje opp banner/segl på festivalområdet
- Salsstand/marknadsstand

Festivalen blir offentleggjort før påske, og vi håpar på ei rask tilbakemelding.

Kontakt Knut Ole Tredal knut.ole@klarbedrift.no

Med helsing

Nordhordland Matfestival

10.-11.
mai